

## UTLEIGE AV GRANVIN BARNE- OG UNGDOMSSKULE

Alle lokale kulturaktivitetar på dagtid, som er gratis for deltakarane	Gratis
Utleige til skuleaktivitetar og faste aktivitetar som lokale lag tilbyr (gratis for deltakarane)	Gratis
Private aktørar/Kommersielle aktørar	Kr. 300,- pr kveld
Private aktørar/kommersielle aktørar med faste aktivitetar gjennom heile skuleåret	Kr. 50,- pr. kveld
Utleige til alle utanbygds lag, foreiningar og organisasjonar 1000,- pr dag/døgn – om det er over 20 personar som skal overnatte: 50,- pr stk.	Dag/Døgn min. kr. 1000,-
Lån av projektor pr. døgn for alle leigetakarar; med unntak av heradet sine egne aktivitetar	Kr. 250,-
Utlån av bord og stolar - pr. stk.	Stol kr. 10,- Bord kr. 25,-
Utlån av lydanlegg	Etter avtale
Utlån av lysutstyr	Etter avtale

Pengane skal setjast inn på Samarbeidsutvalet sin konto: 3450 07 04693 og merkast med aktivitet og ansvarleg leigetakar.

Me minner om reglementet for bruk av skulen, og ber dei ansvarlege leigetakarane for brukargruppene om å lesa dei opp for alle brukarane, og å fylgja dei i praksis.

### ME YNSKJER SPESIELT Å MINNA OM DESSE PUNKTA:

- Golvet i gymsalen skal moppast etter bruk.
- Rydd på plass alt utsyr!
- Nettet skal alltid vera trekt for scena når ein har ballspel.
- Bruk innesko i gymsalen!
- Ballspel er ikkje lov i gangane.
- Rullegardiner skal vera oppe dersom ein har ballspel.

Dersom nokon ynskjer å låna gymsalen/undervisningsrom utanom tildelt tid, må dei kontakta skulen. Me krev at ein vaksen person står ansvarleg. Dersom to grupper gjer avtale seg imellom om å endra treningstider, ber ein om at skulen får melding.

**REGLEMENT FOR BRUK AV GYMSAL/ROM  
VED GRANVIN BARNE OG UNGDOMSSKULE**

1. Lag som leiger lokale på skulen skal ha ein ansvarleg over 18 år
2. Lag har ikkje tilgang til bygget utan at ansvarleg leiar/instruktør er til stades
3. Nøkkel og kode til skulen vert signert ut hjå ass. rektor
4. Nøkkelen skal brukast berre til dei tidene som er tildelt leigetakar
5. Vidarelån av nøkkel er ikkje lov
6. Nøkkel **MÅ** leverast attende før sommarferien
7. Dei tildelte treningstidene må haldast nøye, av omsyn til andre brukarar og reinhaldarar
8. Røyking og bruk av rusmiddel er ikkje lov på skulen sitt område
9. Lokala skal forlatast i ei slik forfatning at det ikkje fører til ulemper for neste brukar
10. Utstyr som er brukt skal setjast på plass
11. Sjøppel, tomflasker og liknande skal fjernast og leggjast på eigna stad
12. Leigetakarane pliktar å passe på at alle vindauge og dører er forsvarleg lukka/låst før ein forlèt bygget
13. Leigetakarane pliktar å gjera seg kjend med branninstruksen
14. Brot på reglementet kan føra til at leigetida for brukar kan bli inndrege ein periode
15. Utleigetilhøvet skal fornyast kvar haust

Leigetakar skal rydda og vaska etter seg i dei romma og fellesareala som er nytta under leigeperioden.

.....  
Dato/underskrift for skulen

.....  
Dato/underskrift for leigetakar